

# Delstudium i utlandet som free-mover

## Fordeler med å reise på utveksling gjennom Internasjonalt kontor:

- Studentar som reiser på utveksling til ein av våre samarbeidspartnarar får bistand av sin saksbehandlar til å senda søknad, blir invitert til felles informasjonsmøter og seminar og får individuell veiledning.
- Studentar som reiser til våre Erasmuspartnarar i Europa eller til eit nettverk i Norden er frittekne for skulepengar og får i tillegg utbetalt eit månadleg stipend. Denne støtten kjem i tillegg til stipend og lån i Lånekassen.
- Når du reiser på utveksling gjennom Internasjonalt kontor reiser du som regel saman med andre studentar frå UiS.

*Internasjonalt kontor er av den oppfatning om at dersom du reiser som «free-mover» så bør dette vera etter at alle andre alternativ er blitt undersøkt. Dersom du likevel vil reisa som «free-mover» heilt på eiga hand og utan assistanse frå Internasjonalt kontor bør du hugsa på dette:*

- **Finne universitet i utlandet**

Her er det viktig at du både finn relevante universitet som tilbyr dei faga du treng for å matche fag i studieplanen din ved UiS. Det er ikkje alle universitet som tek imot «free-mover» eller gjestestudentar, så undersøk dette først. Dersom du skal til eit ikkje engelskspråkleg land så sjekk at alle faga blir undervist på engelsk. Sjekk at universitetet er godkjent til støtte hjå Lånekassen.

- **Søke til universitetet**

Når du reiser som «free-mover»/gjestestudent er du ansvarleg for å administrera søknadsprosessen sjølve. Prosessen er annleis og kan vera meir tidkrevjande enn det ein er van med frå Noreg. Ver oppmerksom på at det er ikkje alle universitet som godtek vitnemål frå den vidaregåande skulen for å dokumentera nivå i engelsk, og du må difor rekna med å ta ein engelskstest (for eksempel TOEFL og IELTS). Bestill tid til denne i god tid i førevegen. Ofte vil universiteta også at du legg med motivasjonsbrev og referansebrev frå 1-2 forelesarar.

- **Utdanningsagentar**

Det er ein rekke utdanningsagentar på marknaden som tilbyr sine tenester. Det er ingen grunn til at du ikkje skal kunne søke direkte til universitetet du vil studere ved. Alle universitet har gode nettsider på engelsk for internasjonale søkarar. Dersom du likevel vil bruka ein agent så bruk gjerne ein seriøs aktør i Noreg.

- **Levere inn søknad om førehandsgodkjenning av emne innan gitte fristar til instituttet ditt**

Du finn søknadsskjema og meir informasjon på [student.uis.no/ut](http://student.uis.no/ut). Emne som du skal ta i utlandet må godkjennast før du reiser for å sikra at emna blir innpassa i studieplanen din slik at du ikkje blir forsinka i studieløpet ved UiS.

- **Sjekke om du treng studentvisum**

Dette gjeld særleg land utanfor Europa.

- **Betale semesteravgift og bekrefte utdanningsplanen din ved UiS**

Gløymer du dette så mister du studieplassen din ved UiS.

- **Søke om lån og stipend i Lånekassen**

Lånekassen krev dokumentasjon på at du har fått tilbod om studieplass i utlandet. Du kan difor ikkje søka om støtte før du har fått opptaksbrev i hende.

- **Ordne med forsikringar og vaksiner**

Sjekk at du har fullgod dekning under ditt utanlandsopphald. Sjekk at passet er gyldig under heile opphald og ta med deg Europeisk helsetrygdkort dersom du skal på utveksling til eit universitet i Europa.